

KALOTTSPÉL

A night scene on a river. On the left, a bright fire burns on the bank, with a long, shimmering reflection of light on the water's surface. In the middle ground, a small boat with several people is on the water. The background shows dark, silhouetted hills under a deep blue twilight sky. The overall mood is mysterious and atmospheric.

Haikare guide folkem.



ns til usikken

Å vere på Kalottspel kjennest litt som å vere med ei venninne heim på besøk, og oppdage at ho har den trivelegaste familien i verda.

Ein tysdag kveld i august, ca. klokka halv tolv om kvelden, står eg på Koengen i Bergen i sommarkjole og gaular med på songane til ein av verdas største rapparar. 24 timar seinare er eg på Rundhaug i Troms, i mange lag med ull og oransje redningsvest. Vi ventar på å stige om bord i båtar som skal bere oss med straumen nedover Målselva, til tonane av norsk og samisk folkemusikk. Av og til føler ein seg litt meir mangfaldig enn elles.

Det er kaldt under årets Kalottspel. Men det plar vere godt vær på denne tida, blir eg fortald. Ein plar bade i elva fordi det er så varmt! Idet båtane sig gjennom vasskorpa denne kvelden, slår derimot ein gufs imot oss. Det er lite som minner om sommar. Og eg, som ser på meg sjølv som erfaren i utandørskultur, blir sitjande og hutre og klamre meg til skjerfet mitt.

Langs elva

Men trass i kulda er sjølvsgatt KulTur (som – trass det klamme ordspelet – faktisk også er namnet på eit arrangement under kultur-i-natur-festivalen Peer Gynt-stemnet)



HU HEI: Barneframsyninga «Den vesle prinsen».

” Det er stas med folk som meiner

ei fin oppleving. Vi blir oppfordra til å vere stille, finne roa, berre late oss føre av strau- men. Der eg kjem frå, veks ein opp med vissa om at elvestraumen kan ta liv. Eg er derfor først uroleg, sidan begeistra, for at ein her berre kan late seg føre av garde. Frå elvbreidda kan ein innimellom høyre musikk: feler, gitar, song. Andre gongar flyt vi forbi store bål. Det er mørkt elles; eg trur eg ser mannen som spelar gitar, men neste gong eg snur meg, ser eg berre ein stein.

Etter vel ein time går vi i land, får ein Mack-øl i handa og litt mat. Så noko som skal vise seg å vere symptomatisk for denne festivalen: haik. Etter å ha varma oss noko- lunde opp over eit bål begynner fotografen

og journalisten å kjenne seg signe. Vi spør ho som serverte oss mat, korleis vi skal komme oss attende til sengene våre. «Det er alltid nokon som køyrer,» svarar ho. Og det er det. Kalottspel er ein festival som går føre seg over eit relativt stort geografisk område. Folk køyrer mellom arrangementa, og gir gjerne skyss. Dei som jobbar frivillig for festivalen, stiller med minibussar når privatbilar ikkje strekk til.

Eg – ingen dansar

Skodda heng framleis om fjelltoppane då eg vaknar morgonen etter. Vêret er tydeleg- vis ikkje heilt med oss denne veka. Eg rus- lar mot Bakkehaug skole, som er ein slags

hovudarena for festivalen. Nokre av konser- tane blir arrangerte her, og alle kursa. I til- legg kan ein overnatte på skulen (noko foto- grafen fekk prøve seg på, sidan gjestegarden brått var fullbooka). Vi ser ei oppsetjing av «Den vesle prinsen» med folkemusikktil- snitt. Så tittar vi innom danse- og felekursa. Dansarane lærer pols, og spinn rundt med varierende suksess. Eg klør litt etter å vere med, sjølv om eg veit eg ville vore ein av dei som fører til at ein må ta i bruk adjektivet «varierende».

Klokka fem bussar vi til Løvhaug gard, der Eli Storbekken Trio spelar songane til far hennar, Egil Storbekken. Allereie på 60-talet dreiv han med økologisk jordbruk



MOEN KULTURLÅVE: Låvedans og låvespel.

DETTE ER KALOTTSPEL

- Kalottspel er ein folkemusikk- og folkedansfestival som har vore arrangert på Rundhaug sidan 1970. Sidan 2000 har festivalen vore arrangert kvart år.
- I løpet av året arrangerer festivalleinga også ei rekkje konsertar under same namn.
- Festivalen arrangerer dansefest, seminar, spele- og dansekurs for både ungar og vaksne, i tillegg til konsertar. Kanskje mest kjend er den musikalske båtturen på Målselva.
- Tidlegare har blant andre Susanne Lundeng, Sondre Bratland og Valkyrien Allstars spelt på festivalen.
- Blant artistane i år var Sigrid Moldestad, Hazelius/Hedin og Earlybird Stringband.

Sjekk meir her: www.kalottspel.no



LET'S DANCE: Dansekurs med Sigurd Johan Heide. Julie Alapnes Normann på fele.

musikken heilt inn til beinet

og seterturisme, i tillegg til folkemusikken. Det passar dermed godt at konserten går føre seg i ein nyrestaurert fjøs; dette er ikkje seterturisme, men ein kulturgard. Dei slektar på kvarandre.

Pølse og kake

Seinare den kvelden får vi skyss til nok eit originalt lokale. Moen Kulturlåve er ein låve gjord om til konsertscene. Publikum sit på stolar på golvet og på benkar festa opp langs veggane. På scena finst til og med eit improvisert backstage-område; ein sofa-krok med bord, der bandet kan ta seg ein øl før konserten. Det er Earlybird Stringband som skal spele i kveld. Dei er eit bluegrass-

band som syng fleirstemt og snakkar mykje om fising. Stemninga er god, vi kjøper pølse og kake og stadig fullare plastvinglas i baren.

Etter konserten er det låvedans. Nok ein gong kjenner ein at det hadde vore fint å kunne vere med på jamminga eller dansinga. Men det er fint å glo også. I to-tida køyrer minibussen oss attende til gjestegarden. Turen tek kanskje 20 minutt, og blir akkompagnert av unison shala-lala-la-ing. Kalottspel er ein heimekoseleg festival; her blir vi plukka opp og køyrde heim frå fest, alle som ein.

Fredag morgon vaknar eg til felespel. Eller drøymer eg det berre? (Eller held

nachspielet på enno?) Eg søv litt til, går så ut for å kjøpe meg frukost på Jokeren. Earlybird Stringband sit på trappa, sola stikk seg fram. Eg lurar på kva som skjedde etter eg la meg. Dei svarer at felespelaren på eit tidspunkt gøymde seg bak pianoet. Dei fortel også at dei allereie har vore på joggetur. Det er altfor sprekt, meiner eg.

Vi reiser nok ein gong til Løvhaug gard. Eg snakkar med ein fyr frå Sveits som slumpa over ein plakat for Kalottspel medan han var i Tromsø. Han campar med sovepose i eit lite skur ute i skogen. Eg synest det høyrst kaldt ut, samtidig som det gler meg at nokon faktisk gjer sånt. Sveitsaren meiner at naturen her og organiseringa av

festivalen kler kvarandre; landskapet er så ope, husa står så langt frå kvarandre, det passar godt at ein må køyre eit stykke for å komme frå konsert til konsert, seier han.

Rørende

På Løvhaug høyrer vi Anders Bjernulf. Trass i at songane er sørgjelege, kjenner eg meg liksom oppløfta etter konserten. Det er stas med folk som meiner musikken heilt inn til beinet. Men jammen tek det på å rapportere frå festival. Ein må følgje med og ta inn alt heile tida. Klokka halv åtte er det ny konsert, med Sigrid Moldestad og bandet hennar. Ho opnar med fleire songar laga over dikta til Robert Burns, i Johannes Gjerdaaker si norske omsetjing. Det er på dette tidspunktet at trøythetia overmannar Folkemusikk. Fotografen held på å sovne, medan journalisten blir i overkant rørt og begynner å gråte.

Sigrid refererer heile tida til bandet sitt som «gutane». Og det slår meg at det har vore ein del gitar på scena under festivalen. Riktig nok er Sigrid Moldestad og Eli Storbekken hovudfigurar – og det finst ei rekkje leiande kvinnelege folkemusikarar i dag. Men eit band er eit band er ei gruppe med gitar. Idet eg sukkar litt over dette, begynner Sigrid å fortelje om dei kvinnelege spelemennene som levde på Vestlandet for 200–300 år sidan. Ho snakkar om at det å spele eit instrument framleis er uhøyrte for kvinner fleire stader i verda i dag.

Kalottspel går føre seg i to dagar til, men Folkemusikk må heim laurdag morgon. Før avreise får vi riktig nok med oss delar av dansefesten på Bondeheimen. Her finst utstoppa dyr på veggane og hardcore danseentusiastar frå Bodø. Vi blir påspanderte litt røykt whisky. Oppe på scena dukkar det opp stadig nye grupper. I ei av gruppene finst ei høggravid kvinne med fele. Det er festivalsjefen som er i barselpermisjon, kan nokon fortelje meg. Ho har termin i dag. At Kalottspel-stemminga er familiær, er ikkje ei overdriving.



I MOLL: Flaggermusikk med Anders Bjernulf og Erlend Viken.

Flaggermusikk i moll

Kalottspel går føre seg i mange ulike lokale rundt om i Målselv kommune. Eitt av dei er den nyrestaurerte flaggermusfjøsen på Løvhaug gard.

NÅR EIN SVINGAR inn på tunet på Løvhaug, ser det i grunnen ut som ein heilt vanleg gard. Det at gamlefjøsen er gjort om til konsertlokale, er i og for seg ikkje noko ein heiser opp augebryna for. Slikt finst det mykje av i Noreg for tida – og fint er det! Ein flaggermuskoloni er derimot ganske spesielt.

Tre dagar på rad under Kalottspel opnar Hans Olav Løvhaug og Britt Talmo dørene for publikum. I den nyrestaurerte fjøsen, reist i 1857, blir gjestane serverte mjødurt i stetteglas og folkemusikk under pseudonymet «flaggermusikk».

– Flaggermuskolonien bur i våningshuset, fortel vertskapet. – Men vi har bygd eit nytt rom til dei, i andre etasje av denne gamle fjøsen. Derfor kallar vi konsertserien Flaggermusikk.

I spøkefull tone blir det sagt at musikken er plukka ut fordi han skal kunne lokke flaggermusa til å busetje seg i fjø-

sen. Og stemninga som rår under konsertane, er absolutt forlokkande. Det er varmt i rommet, kanskje aller mest i overført tyding. Det er lågt under taket, og tett i tett med folk på benkeradene.

Under fredagens konsert med Anders Bjernulf sit Folkemusikk på einaste ledige benk på første rad. Det er slik at vi kjenner trampinga hans gjennom golvet og opp i kroppen, og bogen vippar nesten heilt inntil kjakane.

– Det kommer bli mycket moll. Så ni är beredda på det, seier Bjernulf etter eit par låtar. Han skal spele favorittane sine, har han fortalt. Konserten kjennest personleg slik.

Mot slutten plukkar han opp komponisen Erlend Viken på scena; dei har møtt på kvarandre nokre timar tidlegare på hotellet. Fire låtar spelar dei saman, og publikum svarar med brennvarm applaus.